

Utkast til forprosjektnotat, 12. januar 2005

Ungdomshus - førstegenerasjons kulturhus i Norge

Dette er eit forprosjektnotat om ungdomshusa som levande kulturminneberarar frå dei siste 110 åra.

På det meste har det vore ca. 700 ungdomshus i Norge. I dag finst det vel 300 hus som er eigde - heilt eller delvis - av lag i Noregs Ungdomslag, men mange av dei andre er også i full bruk om ikkje dei i dag har formell tilknytning til NU. Denne første generasjonen av lokale kulturhus er lite påakta. Likevel representerer desse husa ein stor fellesverdi. Dei kan fortelje om framveksten og utviklinga av byggeskikk og samverskultur. Ungdomshusa var det første dansegolv, den første scenen, det første kulturlokalet for teater, dans, musikk eller husflidskurs og det første bygdekjøkkenet i nær 1000 norske lokalsamfunn. Noregs Ungdomslag og Norske Lagsbruk vil ha i gang eit arbeid for å løfte fram ungdomshusa som kulturhistorisk viktige gjerne saman med andre allmennkulturelle, lokale samlingshus.

Bakgrunn

Det er bygd lokale kulturhus i Norge i meir enn 100 år. Noregs Ungdomslag, NU, som blei etablert som landsorganisasjon i 1896, var ein av dei alle ivrigaste entreprenørane. Tala på hus som er reist i ungdomslagsregi er noe usikre. Den mest samlande framstillinga av ungdomshusa sin framvekst og betydning, finst i boka *"Ungdomshuset. Eit kultursenter i Bygde-Noreg"* frå 1986. Forfattarar er Lillian Eltvik Dyrnes, Gunnvor Hals og Jan Kløvstad (red) Her oppgir tidlegare reiseskrivar/generalsekretær i NU, Knut Lauvrud, mellom anna at det ut frå laga sine årsmeldingar, var 15 lag som hadde egne hus alt i 1896/97. I 1919/20 melde heile 330 lag at dei hadde egne hus! I tillegg blei det opplyst at om lag 200 lag samla pengar til byggefond. På det mest har det nok vore 5 – 600 hus i Noreg Ungdomslag, skriv Lauvrud. I festskriftet til folkedanslegenden Klara Semb, skriv Olav Midttun, 1964, at *"...no er det vel 700 ungdomshus."* (Sjå statistikk frå 1920 sist i notatet)

Desse enkle opplysningane fortel oss at ei kulturmobilisering og ei kulturhusbølge gjekk over landet i perioden frå 1900 til 1930. Denne demonstrasjonen av lokal kraft og vilje har sett bygningsmessige merke etter seg i mest alle kommunar i Norge og vitnar om ein periode då bygdefolk tok saka i egne hender. Mangla møteplass, fanst det tømmer i skogen, villige hender, og kunstnarar og handverkarar som kunne gjere huset praktisk og vakkert.

All denne byggeaktiviteten skapte og eit behov for rettleiing. I NU sitt arkiv finst første sporet etter spørsmål om slike råd i eit brev frå Olden ungdomslag i Nordfjord frå 1915. To år seinare hadde organisasjonen engasjert arkitektane Berner & Berner i Oslo til å utarbeide vegleiarande teikningar for ungdomshus. Desse vart sende ut i landet, og mykje brukte. Seinare kom eit hefte om sceneforhold.

Men slett ikkje alle brukte malen frå Oslo. I Hardanger og Vossebygdene har kunsthandverkar og grunnleggjar av Norsk Kunsthandverksskule, Magnus Dagestad og arkitekt Torgeir Alvsaker sett sine klare merke på ei rekke ungdomshus, mellom anna husa i Norheimsund, i

Jondal, Strandebarm, Ulvik og Granvin. I dette distriktet har og den kjende treskjeraren, Lars Kinsarvik, sett sitt preg på interiøret i mange ungdomshus.

Andre brukte verken vegleiingshefte frå osloarkitektar eller andre akademikarar. Lokale handverkarar utforma planar og teikningar. Bygdefolket reiste huset, og etter kvart som det blei umoderne og tungvindt, blei det utvida og ombygd, - og ombygd igjen. Kvaliteten på bygga varierer sterkt frå reine "kyrkjebygg" til svært enkle og billege festlokale med bøljeblikktag og utedo, som ikkje er forma for å "feire ein idé", slik kulturforskaren Eirik Fossåskaret ved Rogalandsforskning har formulert det. Langs den stride straumen av tilpassingar av dei gamle husa, går ei mindre sterk bylgje av nybygging. Der inngår riving av gamle og reising av heilt nye bygg, men det finst, i alle tiår, heilt fram til i dag, ein del større hus som er bygd der det før ikkje har vore ungdomshus. Dette har sjølvstøtt med busetnadsmønster å gjere.

Ideologisk gjekk ungdomslaga frå å vere uformelle møteplassar for ungdom i 1870 – 80 åra, borte frå lediggang og drikk, til ein meir målretta organisasjon i 1890 – åra, som skulle kjempe Norge fritt frå Sverige, ein kamp for norsk kultur og framsteget, mot materialisme, bakstrev, trongsyn og pietisme. Men denne nasjonale rørsla var prega av likeverd; med Sverige politisk og med Danmark kulturelt. Vi var ikkje betre enn andre, men kravde like rettar.

Ulike organisasjonar har levd ulike liv i dei vel hundre åra fram til vår tid. Når det gjeld lokale kulturhus, er det først og framst ungdomslaga som framleis kan vise til ein slik solid stamme, ca. 300 allmennkulturelle hus, over heile landet, i ein ubrotten tradisjon. Parallelt med ungdomshusa vaks bedehusa opp, sterkast på Sør- og Vestlandet. Men desse husa lukka seg rundt religiøse aktivitetar, og sto mange stader som motpolar til ungdomshuset, sjølv om grunnlaget i den frilynde ungdomslagsrørsla for ein del var tufta på den danske presten Grundtvig sin visjon om den glade kristendommen. Ungdomshusa, derimot, har alltid vore frilynde og opne for ulike kulturytringar. Dei har vore, og er framleis, uformelle og nære møteplassar.

Ungdomshusa er ei levande kjelde for å forstå generell bygdeutvikling, framveksten av det moderne kulturlivet på bygdene og byggetradisjonar. Ein bildeserie med ungdomshus kan til dømes illustrere korleis nasjonale og europeiske stilartar vert nedfelt i lokale kulturbygg over heile landet. Samtidig kan husa vise korleis samversformene har sett sine tydelege merke i byggeskikk, inne og ute.

Noregs Ungdomslag, NU, har i dag ca. 16.000 medlemmer i omlag 450 lokallag over heile landet. Norske Lagsbruk er ein samarbeidande organisasjon for drift og utvikling av forretningstiltak og meir enn 300 lokale kulturhus i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag.

Norske Lagsbruk har i fleire år samla bildestoff og andre opplysningar om ungdomshusa. Noe av dette blei presentert på eit møte med bygningsantikvar Christ Allan Sylthe og kulturvernkonsulent Toril Moltubakk i Møre og Romsdal fylkeskommune, 30. august i år.

(Referat frå dette møtet er sendt før.)

Materialet som blei presentert var mest frå Møre og Romsdal, men noe var og frå andre deler av landet. Materialet vart på møtet vurdert som verdifullt, og for ein stor del ukjent. I alle fall

når det blei presentert i ein kulturhus-sammenheng der både eksteriør og interiør til saman gir eit fasettert bilde av ei historisk utvikling.

Oppmuntra av materialet og av faglege bidrag frå Kulturavdelinga, ønsker Norske Lagsbruk å gå vidare med dokumentasjon av lokale kulturhus/ungdomshus. Vi ser at dette i første omgang kanskje må avgrensast til ein tidsperiode, eks. fram til 1930. Vi ser og at ein, for å få med fleire aspekt, kulturelle og bygningsmessige, tar med andre hus som Folkets Hus, Losjar og evt. andre allmennkulturelle bygg. Målet vårt er å få styrke kunnskapsgrunnlaget på eit område som har hatt og har stor betydning for mange, og som tidlegare er lite belyst. Vi trur at ved å sjå nærare på desse husa og livet rundt, vil ein finne ny kunnskap på fleire felt. Etter at eit grunnlagsarbeid er gjort, kan ulike faggrupper arbeide vidare med meir spesielle aspekt rundt tema lokale kulturhus som kulturminne:

Nokre problemstillingar:

1. Dei lokale kulturhusa fram i lyset

Det nasjonale materialet er svært omfattande. Vårt forslag er, i første omgang, å sjå på eit fylke, Møre og Romsdal. Dette fylket fordi det finst ca. ungdomshus i fylket, og fordi den frilynde kulturen står og har stått sterkt i dette området. I tillegg har kulturavdelinga i fylket interesse av å komme vidare med dette arbeidet, og vil bidra med støtte og vegleing.

Arbeidet må m.a. bestå i å:

- finne opplysningane om husa, byggehistoriene og ombyggingshistoriene
- samle opplysningar om bruk og aktivitet som er i og / eller har sprunge ut av huset.
- dokumentere i digitalisert bildeformat, interiør og eksteriør
- vere særleg nøye med detaljar som treskurd, maleri, symbol av ymse slag, osv.
- dokumentere utvikling og endring i bruk av huset m.a.:
 - Kva for nye krav førde til ombygging?
 - Kva for aktivitetar kravde nytt og meir spesialisert areal.
 - Kva for omsyn vart tatt til byggestil, inne og ute.
- Finst det interessante variasjonar og likheiter mellom ulike deler av fylket

2. Ungdomshuset sin plass i bygdeutviklinga

Då skole, post og butikk vart borte, blei det lokale kulturhuset endå viktigare for bygda. Bygdemobilisering og utvikling/evt. endring i synet på dugnad knytta til den lokale møteplassen. Huset sin lokale status i t.d. 1930, 1975 og i dag? Verd å vare på? Drift av husa. Finst her grunnlag for betre utnytting? Deltidsarbeidsplassar?

3. Hus og bygdekultur

Kva spor finst etter dei gamle skiljelinene som gjekk mellom husa, spesielt mellom ungdomshus, losjehus, folkets hus og bedehus? Kva var bakgrunnen og korleis er desse skilja vedlikehaldne eller viska ut. I Noregs Ungdomslag er det blitt eit slagord eller eit ordtak at ”Hus bygde lag”. Korleis kan dette evt. dokumenterast?

4. Ungdomshusa/dei lokale kulturhusa sin plass i bygginga av det nye Norge.

”Når sogegranskarane etter våre dagar skal skriva um tidebolken millom riksretten (1884) og 1905, lyt dei setja seg vel inn i den frilynde ungdomsrørsla, både fordi ungdommen som vart kveikt i den tidi i ungdomslagi, og dei menner som kveikte honom, sette sitt særmerke på det norske folket.”

Denne formaninga kom frå sokneprest Leonard Næss i Norddal på Sunnmøre i 1924 og står sitert i Jon Tvinnereims bok, *”Ei folkerørsla blir til. Den frilynde ungdomsrørsla på Nordvestlandet*, Samlaget 1981.

Dei frilynde ungdomslaga kom i ei organisasjonsbølge, saman med samtalelag, fråhaldslag, songlag, bondevennforeiningar, misjonsforeiningar, kristeleg ungdomslag og skyttarlag. Ein del frilynde ungdomslag, gjerne grunnlagt av grundtvigske prestar, vart seinare delt i eit ungdomslag og ei kristeleg ungdomsforeining. Slik gjekk det til dømes i Stranda i 1898.

Ungdomslaga sitt bidrag i nasjonsbygginga, i samspel med politiske parti og andre organisasjonar, er lite forska på. Husa kan her vere ei viktig kjelde til ny forståing.

Ungdomlaga var også svært tidleg ute med kjønnskvotering. Alt i lagslover frå like etter år 1900 er det fastslege at styret skal ha fem medlemmer av desse minst 2 av kvart kjønn. Likeeins var fleire tidlege medvitne på faren for at dei ”gamle” skulle styre ungdommane m.a. i lov fro Strandadalens Ungdomslag frå 1909 der medlemmer automatisk gjekk ut av laget når dei gifte seg. Men lagsmøtet kunne gje dei omframt løyve til å halde fram som medlemmer for eit år om gongen. Me kjenner heller ikkje til at det er forska på kva ungdomslaga har betydd for at kvinnene kom meir med i organisasjonsarbeid og etter kvart i lokalpolitikken.

Oppsummering

Med bakgrunn i dette dokumentet og referatet frå tidligare omtalte møte med Møre og Romsdal fylkeskommune, 30. september i år, ber vi om tilslutning til fylgjande:

- A. I løpet av eit halvt år (tida fram til årsskiftet 04/05) skal det utarbeidast ein arbeidsplan for å gjennomføre eit pilotprosjekt for registrering av ungdomshus/lokale kulturhus i Møre og Romsdal. Planen skal innehalde konkrete arbeidsoppgåver, registreringsskjema, arbeidsmåtar, og framdriftsplan.

Rammene for dette arbeidet er skissert i pkt. 1 i denne skissa. Planen skal utformast i samarbeid med Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

- B. Når det er laga ein arbeidsplan som viser korleis vi konkret kan sette i gang med arbeidet, ønsker vi å komme i gang med trinn to, eit pilotprosjekt i Møre og Romsdal: Ei registrering av alle ungdomshus (lokale kulturhus) i fylket. Utgiftene til dette arbeidet må vi drøfte med Fylkeskommunen når arbeidsplanen er ferdig. Samtidig tek vi kontakt med universitet og høgskolar for å invitere (motivere) til oppgaveskriving eller forskning omkring dei tema som er tatt opp i dette notatet.

Å utarbeide arbeidsplanen (A) reknar vi med vil koste * .000 kroner
Eigenandel dekkja av Norske Lagsbruk * .000 kroner

Vi søker om * .000 kroner for å komme i gang med dette arbeidet.

Kjelder

Lillian Eltvik Dyrnes, Gunnvor Hals og Jan Kløvstad (red): Ungdomshuset. Eit kultursenter i Bygde-Noreg. Utgitt av Noregs Ungdomslag i kommisjon hos Samlaget, 1986.

Jon Tvinneheim: Ei folkerørsla blir til. Den Frilynte ungdomsrørsla på Nordvestlandet, Samlaget, 1981

Jan Kløvstad (red): Ungdomslaget. Noregs Ungdomslag 1896 – 1996. Samlaget 1995

Notatet kan supplerast med bilete frå utvalde hus.

Her kjem og eit par tekstbitar som evt. kan brukast saman med bilde:

Og "Solbakken" var og eit høveleg namn. Sola skein lenge her oppe, og det lange låtømmerhuset hadde fått ein fin brunfarge som stod godt til den litt avslitne kvitmålinga på verandaen og glaskarmene. Store bjørker kransa det, men skygde ikkje, den høge grunnmuren løfta huset opp så det låg høgt og fritt, med vindauda gnistrande i kveldsol når vi var på veg dit opp i den lyse årstida. I minnet står det som eit vakkert hus."
Halldis Moren Vesaas om ungdomshuset sitt frå oppveksten i Trysil.

Sekken ungdomslag

Slik som i andre bygder tok ungdomslaget her og til å arbeide for eige hus. Det vart sett opp i 1905, og laget fekk så mykje byggetilfang og arbeid at skulda vart lita.

Harald Sekkenes i "Den frilynde ungdomsrørsla i Romsdal". 1970

Stranda ungdomslag

...då det kom bod om at utvandra lagsfolk i Amerika hadde samla saman over 1000 kroner til husfondet, vart det første ungdomshuset bygd i 1903.

Frå "Sunnmøre frilynde ungdomssamlag 60 år." 1954

"Dollstun" på Sandsøy vart delvis finansiert ved at fiskarane hadde ei ekstra garnlenkje der lotten gjekk til bygging av ungdomshuset i 1928

Eit sitat til:

"Når det døydde ein ungdom som stod i eit ungdomslag, var det visst at det gjek gale med honom. Det vart endå til skrive i blada om slike til årvaring for andre som stod i ungdomslag"
Diktaren Henrik Straumsheim i 25-prsskriftet til Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag 1919.

